

Bjørstad (gnr. 188)

Bjørstadir: Av mannsnamnet eller tilnamnet Bjórr. Rygh tidfester namnet til sein mellomalder. Det er eit sjeldant gardnamn, men finst i nokre tilfelle, især på Austlandet. Skrivemåten av namnet Bjørstad i Fåberg har i det heile vore stø og historisk kjenneleg: Biørstad el. Bjørstad.

Dei eldste tydelege teikn etter manns ferd på Bjørstad i Fåberg er to fornfunn frå yngre jernalder. Det vart da funne ei skålforma spenne av bronse og spjutspiss og sigdbladd m.m. av jern. Sakene er registrert og er å få sjå på Etnografisk Museum, Oslo.

I skrivne kjelder finn ein Bjørstad fleire gonger omtala på 1500-talet. I 1528 heitte såleis mannen der Claus Biørstad og var med og svara den ekstra sølvskatten som er kalla Gjengjerden. Utlikninga var for dei aller fleste 1 lodd eller ½ lodd sølv. Claus Biørstad var blant dei som betalde 1 lodd sølv, som t.d. Jens Hofvin og Halvor Lunde. I ei skatteliste frå 1577 er namnet skrivi Biørstadt. I 1594 er garden rekna i gruppa for "Halve Gaarde", som bl.a. Fagstad og Reistad.

Ved ulikning av tiendekorn i 1604 skulle Bjørstad svara 2 tdr. bygg, som Skårset og Holme; brukar på Bjørstad var både i 1618, 1621 og 1624 Jon. I 1624 er det elles opplyst at Jon Bjørstad sjølv åtte jordegods til 2 huder landskyld i bemeldte Bjørstad. Han var med andre ord ikkje berre brukar, men og eigar av garden sin. Og det var det i grunnen få som var i dei tid der. Seks år seinare er i 1630 Sigurd nemnd som brukar av Bjørstad, men i 1657 var det Even som hadde tatt over. Det er da fortalt at buskapen på Bjørstad var 2 hopper, 12 naut, 12 sauer og 4 geiter. Etter atter åtte år finn ein tydeleg fortalt at garden da var "ryttergaard", at landskylda framleis var 2 huder, og at brukaren på Bjørstad heitte Even Jonsen og var 60 år. Han hadde ein son som heitte Tomas, var 36 år og hadde vore soldat. I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnde opplysningar om gardane. Der er det om Bjørstad fortalt at Even ennå var brukar og eigar som før. Om garden og gardsbruket er det elles fortalt at enga, innmarka var god, og at det var skog både til gards bruk og til tømmerkog. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 16 naut, og Bjørstad hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Kvandal seter. Vidare er det og opplyst at den årlege korntienda var 2 ¼ td., som altså svara til ei avling på 22 ½ td. Etter atter 10 år var Jon Bjørstad framleis brukar av garden, og det går da tydeleg fram at den faste utreidsla i skattar var m.a. 5 dalar i pengar.

Men ni år seinare var i 1687 gamle Even Jonsøn død, og det var skifte på "Biørstad i Faaberg". Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 131 rd. og netto 106 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Marit Jonsdr., dei 6 borna i ekteskapet: Kristen, Oluf, Tor, Jon, Tomas og Guri.

I tida frå år 1700 til 1727 heitte husmora på Bjørstad Sidsel Pedersdr., og ho var i denne tid ein sentral skikkelse på garden. – Sidsel Pedersen var gift to gonger, først med husbonden Even Tomesen og så med husbonden Ole Kristensen. – Husbonden Even Tomesen døde i 1703, og det var da dødsbuskifte etter han. Ved dette skiftet utgjorde buet brutto 119 rd. og netto 96 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sidsel dei 2 borna i ekteskapet: Ragnhild og Tomas. – Enka Sidsel Pedersen gifta seg så med Ole Kristensen, og dei fekk i sitt ekteskap også 2 born: Tomas og Mari. Men i 1727 var husmora Sidsel Pedersen død, og det var da atter skifte på Bjørstad. Ved dette skiftet var det berre 1 hud 3 skinn av jordegodset som hørde buet til. Likevel utgjorde det da brutto 309 rd. og netto 288 rd.

I denne mellomtida kom matrikkelframlegget av 1723 med nye opplysningar om gardane. Det er da fortalt om Bjørstad at garden ligg i sollia, og at jordarten der er god, men at Bjørstad var noko tungbrukt. Det er vidare opplyst at det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med "maadelig" hamn og utslåttar til 3 lass høy. Den årlege høyavlinga utgjorde i alt kring 40 lass, og utsæden av korn var ca. 5 ½ td., det meste bygg, men litt rug. Buskapen på garden var da 3

hestar, 19 storfe, 16 sauer og 6 geiter. Eigar og brukar av garden var Ole Kristensen, og det er elles opplyst at det da var ein husmannsplass med brukande jord til Bjørstad. Frå to år seinare er ei tinglyst kvittering frå Monsr. Nicolay Brun til formyndarane hans, som i dette tilfelle var fleire Fåberg-bønder med Ole Bjørstad i spissen. Saken er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

”Fliflet 14. juni 1725.

Monsr. Ole Nicolay Bruns avkald til formynderne Ole Bjørstad, Rasmus Storberget, Ellef Skaarset, Peder Suttestad, Christen Langset, Arne Dahlen, Siver Skiellerud og Peder Præsterud for arven efter hans sl. far Kaptein Peder Brun, ifl. skiftebrev av 1719 211 rd. 1. 21 2/3, hvorfor disse verget: Arne Rindal, Peder Hoff, Bendt Studshoved og Iver Frujordet, hvilke summer Ole Nicolay Brun kvitterer for sammen med sin beskikkede kurator sorenskriver Jesper Glatved på Kongsberg.”

Dei 8 formyndarar og 4 verger hadde sikkert lånt kvar sin del av den heller store arven til offisersønen, og som han altså da hadde fått att. Faren kaptein Peder Brun budde på og døde på Nord-Hove i 1714, og der var og dei skifte det her er tale om. Den da sentrale staden Brunsbeck ved Nord-Hove fekk sikkert namnet sitt etter kaptein Peder Brun. Frå 1730 er ei sak som syner at det og kunne vera usemje mellom skyldfolk på Bjørstad. Saka har etter utskrift denne ordlyden:

”11. septb. 1730.

Ole Bjørstad har innstevnt sin stiftsøn Thommes Bjørstad til å høre vidner og forklare hvorfor og hvorledes han tok citantens kniver fra ham da han lå på krakken og sov i slåttonnen på Bjørstad.

Innstevnte møtte og forklarte at han hadde tatt knivene for å se om de var rene, da en av hans heste samme natt var stukket i hjel.

To vidner ble avhørt. Efter citantens begjæring opptages saken til neste ting.”

Ein merker seg at det i denne tid var to som hadde rett til namnet og kalla seg Tomas Bjørstad: Tomas Evensen og Tomas Olsen.

I 1745 var det Tomas Bjørstad som framleis hadde garden. Han gav da framfødselskontrakt til Lars Nord-Hove og hustru Kirsti Knutsdr., som gir mange opplysningar om ymse ting i tida. Framfødselskontrakta lyder i utskrift såleis:

”Bjørstad.

Fremfødselskontrakt dat. 16. juni 1745 tgl. S. dag.

Lars Nordhoven og hustru Kirsti Knutsdr. skal ha fremfødsel hos Thomas Bjørstad så lenge de lever. De skal få bruke det under gården Bjørstad beliggende husvær Ellingstuen kaldet, av den der innhegnede løkke de 5 mål aker tillikemed enget ved og omkring bemeldte aker. Når Lars Nordhoven og hustru dør, skal Thomas Bjørstad ha det de efterlater sig. Han skal besørge dem begravet. Den lengstlevende beholder alt undtagen et av de 5 mål aker, hvilket ene mål går til gården, likesom alt efter deres død falder tilbake til gården.”

Seks år seinare gav i 1751 Tomas Bjørstad bygselseddel til Rasmus Andersen på ”en under hans gård til og underliggende husmannsplads Sag-Bakken kaldet beliggende oven gården” mot årleg husleige 1 rd. 2 ort i årsarbeid. – Etter atter seks år gav i 1757 Anders Tomasen med kurator Tomas Bjørstad skjøte til Nils Larsen Melby på ”11 ½ skinn ½ fetling i Reenen fiskevand” for 385 rd. Året etter selde i 1758 Tomas Olsen Bjørstad grd. Bjørstad av skyld 2 huder til sonen Ole for 550 rd.

Ole Tomasen, som da tok over som brukar på Bjørstad, var i 1756 vorte gift med enkja Anne Halvorsdr. f. Hauger, og dei fekk mange born. Det var: 1. Anne f. 1757, 2. Eli f. 1759, 3. Sidsel f. 1763, 4. Tomas f. 1766, 5. Halvor f. 1768, 6. Kristen f. 1771, 7. Mari f. 1773, 8. Berte f. 1779.

Av Fåberg kyrkjebøker som kjelde går det elles fram at i 1768 var det gravøl på Bjørstad. Gamle legdekona Beret Paulsdr. 88 år, vart da følgt til grava. Fem år seinare var det i 1773 gravferd med husmannskona Ingeborg Olsdr. Etter atter to år herja det i februar og mars 1775 ein forferdeleg barnesjukdom i Fåberg. Berre i februar månad døde det 27 born i Fåberg. Verst var det i Stefanstuen der det døde 5 born i alderen frå 3 ½ til 11 år innan ein månads tid. I denne tid døde og Aase Kristensdr. Bjørstad, 56 år. Ein merker seg elles at etter det kyrkjebøkene fortel, måtte det i denne tid vera fleire husmannsplassar ved Bjørstad.

Av 1776 er ei kvittering frå Kristen Kristensen Bjørstad til formyndaren hans Ole Tomasen Bjørstad for fedrearven hans, som han hadde fått ved skiftet på Røyne 10. mai 1756 og ved skiftet på Rindal 5. septbr. 1759 tilsm. 780 rd. + renter. Vidare er det frå året etter fortalt at Kristen Kristensen Bjørstad også hadde pengar til gode av Halvor Hansen Hauger.

Ole Tomasen som tok over bruken av Bjørstad i 1758, var framleis brukar der i 1789. Han hadde da ei sak med foged Hartman om delet mellom gardane Bjørstad og Lunde i Kleggedalen eller Beladalen. – I 1795 gav så Ole Tomasen skjøte til sonen Tomas Olsen på grd. Bjørstad av skyld framleis 2 huder + div. lausøyre for kjøpesum 1299 rd. Samtidig gav så den nye eigaren av garden føderådskontrakt til foreldra Ole Tomasen og hustru Anne Halvorsdr.

Tomas Olsen Bjørstad var ein driftig og dugande mann som retta på mange og mye og vart ein god husbonde for den gamle ættegarden. Dette går m.a. fram av to kontraktar av 1797, som i utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Bjørstad. ”Kontrakt dat. 1797 aug. 8. Tgl. 1798, mars 22. mellem Thomas Olsen Bjørstad og Christen Christensen Nordre Lunde:

1. Thomas Olsen Bjørstad overdrager til Christen Christensen Nordre Lunde til eiendom og fri rådighet seteren Nordsæteren, før under Bjørstad. Han skal kun havne med så mange kreaturer som fødes på Bjørstad.
2. Derimot skal Thomas Olsen ha rettighet til å oprydde sig seterbolig på Gropen og til like der ha havning for såmange kreaturer som fødes på Bjørstad.”

”Kontrakt dat. 1797, mars 28. Tgl. 1797, mars 22. mellem Christen Christensen Nordre Lunde, Johannes Pedersen Lille-Berget og Thomas Bjørstad:

1. I den mark Kledigedahlen eller Svae-Marcken kaldet skal enhver av dem ha efter lod samt rådighet til å have, bygge og ha løkke.
2. Ingen av dem skal tillate fremmede å have i denne mark. Dessuten har de inngått kontrakt om deres seterbolig Gropen.”

Året etter var det, 1. mai 1798, månedsting for Gausdal, Fåberg og Øyer der også Thomas Olsen Bjørstad hadde ei sak. Saka galdt oppgjer med ein utanbygds mann, og retten kom til dette resultat:

”Bjørstad i Fåberg.

Månedsting for Gausdal, Fåberg og Øyer, Gausdal 1. mai 1798.

Thomas Olsen Bjørstad av Fåberg har innstevnt Ole Colbjørnsen Gaard av Solør for skyldige 235 rd.

Dom: Ole Colbjørnsen Gaard bør 15 dager efter denne doms forkyndelse betale citanten Thomas Olsen de påstevnte 236 rd. med renter samt 6 rd. i omk.”

Thomas Olsen Bjørstad, som vi skjønner hadde godt om for penger, kosta i si tid mye på nybygging og restaurering av husa på Bjørstad.

Ved folketellinga i 1801 var det framleis Thomas Olsen som var husbonde på Bjørstad. Det budde da 9 familiar eller huslydar på eller ved Bjørstad. Det var:

1. familie: 1. Thomas Olsen, husbonden, 35 år, 2. Sidsill Amundsdr., kona hans, 26 år, 3. Ole Thomesen, son deres, 3 år. 4. Anne Siversdr., tenestkvinne, 42 år, 5. Marit Christensdr., tenestkvinne, 25 år, 6. Martha Engebretsdr., tenestkvinne, 60 år.
2. familie: 1. Ole Thomesen, føderådsmann, far til husbonden, 68 år, 2. Anne Halvorsdr., mor til husbonden, føderådskvinne, 69 år.
3. familie: 1. Christen Nilsen, føderådsmann, 71 år, 2. Berit Christensdr., kona hans, 62 år.
4. familie: 1. Ole Hansen, husmann med jord, 41 år, 2. Lisbeth Olsen, kona hans, 46 år, 3. Ole Olsen, son deres, 13 år, 4. Svend Olsen, son deres, 3 år, 5. Mari Olsdr., dotter deres, 8 år.
5. familie: 1. Halvor Eliassen, husmann med jord, 44 år, 2. Anne Larsdr., kona hans, 48 år, 3. Elias Halvorsen, son deres, 13 år, 4. Lars Halvorsen, son deres, 4 år, 5. Anne Halvorsdr., dotter deres, 7 år.
6. familie: 1. Ole Larsen, husmann med jord, 54 år, 2. Mari Olsdr., kona hans, 44 år, 3. Ole Olsen, son deres 10 år, 4. Lars Olsen, son deres 6 år.
7. familie: 1. Alv Olsen, ”nyder Lægd af Gaarden”, 80 år, 2. Marit Mortensdr., ”nyder Lægd af Gaarden”, kona til Alv, 73 år.
8. familie: 1. Karen Olsdr., ”husmoder, enke, innerst,” går i dagleie, 47 år, 2. Peder Engebretsen, sonen hennes, 9 år.
9. familie: 1. Knud Gundersen, ”manden er skomaker”, 2. Gunnild Hansdr., ”konen er skredderske”.

Etter dette var det altså i den tid 3 husmannsplassar med brukande jord ved Bjørstad.

Husmannsfamiliane var alle folk i sin beste alder. I alt budde det da 30 menneske på eller ved Bjørstad.

Av 1802 er ei større lånesak. Thomas Olsen Bjørstad lånte da 499 ½ rd. av Jens Hansen Skjeggestad og 499 ½ rd. av Erik Hansen Schoug på Brøttum, til saman 999 rd. mot pant i Bjørstad. Ti år seinare var i 1812 lånet til Jens Skjeggestad innattbetalt, og obligasjonen vart avlyst. – Etter atter ni år gav så i 1821 Thomas Olsen skjøte til sonen sin, Ole Thomesen, på grd. Bjørstad av skyld 2 huder for sum 600 spd. + føderåd til foreldra.

Ved desse tider kom i 1819 matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Bjørstad m.a. fortalt at halvdelen av bruket Leirholet i den tid låg til garden, og at buskapen av store husdyr da i alt utgjorde 5 hestar og 22 storfe. Samtidig er den årlege kornavlinga oppgitt til 85 tdr. – Ved matrikuleringa i 1839 var det framleis Ole Thomesen som var eigar og brukar av Bjørstad. Ved omrekning og justering av matrikkelskylda vart skylda på Bjørstad da sett til 12 skylddalar 1 ort 22 skilling. – Frå same året er elles ei kontrakt mellom Bjørstad og fleire andre gardar om vedlikehaldet av setervegar. Seks år seinare vart i 1846 seterskogen i Fåberg østre almenning utskifta. Ole Thomesen f. 1798 var gardbrukar på Bjørstad til i 1850. Da overlet han garden til sonen Thomas Olsen og fikk sjølv og kona føderåd på Bjørstad.

I Thomas Olsen si brukartid var i 1865 den store folke- og jordbrukstellinga med fleire detaljerte opplysningar om gardane. Om Bjørstad vart det da oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer til saman utgjorde 297 mål, og av dette var 131 mål jord av 1. klasse. Vidare er det opplyst at buskapen på sjølve garden Bjørstad da var 6 hestar, 21 storfe, 26 sauer og 13 geiter, men dertil var det på husmannsplassane til garden til

saman 10 storfe, 15 sauer og 12 geiter. Ført på same måten var utsæden på sjølve garden Bjørstad: 1 td. rug, 5 tdr. bygg, 7 tdr. blandkorn, ½ td. erter og 12 tdr. settepoteter, men dertil var det på husmannsplassane til garden sådd og sett: 3 ½ td. korn og 3 tdr. settepoteter. Fem år seinare gav i 1870 Thomas Olsen skjøte til Mathias Torgersen Vedum på grd. Bjørstad av skyld 12 dlr. 1 ort 22 skl. for 3000 spd. + føderåd til Thomas Olsen og hustru Anne Pedersdtr.

Mathias Torgersen Vedum frå Øyer, som da tok over som eigar og brukar av Bjørstad, var fødd 1834 og vart gift med Berte Emilie Johs.dtr. Hunder f. 1848. Dei hadde 8 born. Det var: 1. Johannes f. 1870, død 1877, 2. Marie f. 1873, 3. Johanne f. 1878, 4. Karen f. 1879, 5. Johannes f. 1881, 6. Kristian f. 1885, 7. Erling f. 1887, 8. Thora f. 1889.

I Mathias Bjørstad si brukartid vara det i 1873 ei utskifting av seterskog mellom Bjørstad og Lilleberget. I hans tid kom og den lenge førebudde nye norske matrikkelen av 1886, og gardane fekk tildelt nye gardsnr. Og bruksnr. og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Bjørstad i Fåberg fekk da gr.nr. 188, br.nr. 1 Bjørstad av skyld 18,52 mark, der Mathias Torgersen Vedum framleis var brukar og eigar.

I Mathias Bjørstad si brukartid vert det elles fleire forandringar på garden. I 1899 vart såleis parsellen Varden fråskilt og fekk bruksnr. 2 av skyld 0,12 mark, som Mathias Bjørstad samtidig selde til Aktieselskabet Balberg sanatorium. I 1905 gav M. Bjørstad e tinglyst erklæring til landbruksskolebestyrar N. Ødegaard om at han hadde rett til veg over Bjørstads eigedom til ei sommarhytte i Hovehaugen. Av det kommunale manntal for 101 går det elles fram at husbonden på Bjørstad, Mathias Bjørstad, da var 66 år og kona hans, Berte Johannesdtr., var 54 år. Hans Toresen var ennå husmann og budde i Bjørstadrønningen, og Even Larsen Ladrud, som var postbod, og gift med Kari Olsdtr., budde og ved Bjørstad. Åtte år seinare gav i 1907 Mathias Bjørstad skjøte til Johannes E. Vengshol på grd. Bjørstad for kjøpesum kr. 31.000 + føderåd av 5-årlig verdi kr. 2.500.

I dei år som kom vart så etter kvart fleire parsellar fråskilt hovudbruket Bjørstad. I 1910 gav såleis J. E. Vengshol skjøte til kjøpm. Thor Bergseng på br.nr. 3 Vardehaugen av skyld 5,80 mark, vidare og skjøte til John Amundsen Bakkum på br.nr. 4 Granheim av skyld 0,60 mark og 3. skjøte til Gudbrand Fliflet på br.nr. 5 Bjørstadrønningen.

To år etter hadde elles i 1912 Mikal Nyset kjøpt gr.nr. 188, br.nr. 1 Bjørstad. Han gav da skjøte til Ole Simensen på br.nr. 6 Rønningen av skyld 0,17 mark for kjøpesum kr. 2.800. Seinare kjøpte i 1928 Ole Bjørstadrønningen br.nr. 7 Bjørstadrønningen, og S. Lauritsen kjøpte br.nr. 8 Balbergkampen, skyld 0,05 mark. Etter atter elleve år kjøpte i 1939 så Einar Nyseth br.nr. 9 Bjørstadlia av skyld 0,09 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 altså blitt 9 br.nr. under gardsnr. 188 Bjørstad. Av desse bruksnummer var det ved registreringa likevel berre 2 br.nr. som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på til saman meir enn 10 mål 8da). Det var: 1. gr.nr. 188, br.nr. 1 Bjørstad med Ivar Nyseth som eigar og brukar og med eit jordbruksareal på ca. 270 mål, 2. br.nr. 6, 7, 13 Rønningen med eit jordbruksareal på ca. 30 mål, der Ole Rønningen var eigar og brukar.